

«Den gode alderdom i Sula»

-eit samandrag av Eldrerådet sin temakveld 8. juni 2017



Eldrerådet sin temakveld om «Den gode alderdom i Sula» vart ei kjekk og lærerik samling. Om lag 50 personar var samla i Solevågshallen, og det vart arbeidd intenst og godt på dei ulike borda. Temakvelden vart opna av leiar av Eldrerådet, Trygve Holm, som ønskte velkommen og sa litt om kvifor Eldrerådet har tatt initiativ til ei slik samling. Før arbeida ved borda om ulike tema starta, fekk forsamlinga ei fagleg innleiing om utfordringane vi står overfor ved Kjetil Fylling, som er kommunalsjef for helse- og sosialsektoren i Sula kommune.

Under vil de finne eit samandrag av dei tankane og idéane som kafévertane noterte under diskusjonane. Dette er tankar og idéar som det er mogleg å ta tak i for fleire. Det gjeld både den enkelte innbyggjar, lag og organisasjonar av ymse slag, politikarar, Eldrerådet og dei kommunale tenestene. Berre i eit felles løft kan vi klare å takle dei utfordringane som kjem, og skape den best moglege alderdom for Sula sine innbyggjarar.

Eldrerådet valte seg i forkant ut fem tema som vi ønskte skulle bli diskutert. Dette er tema som vi meiner vil vere viktige for å skape den gode alderdom i Sula i åra som kjem. Fleire tema hadde vore interessant å ta opp, så dette vert truleg ikkje siste gong det vert invitert til temakveld. Vi vonar at dette samandraget vil inspirere til vidare diskusjonar og til gode tiltak. Takk til dykk som sette av ein kveld saman med oss!

Bord 1 - Kafévert Gunnar:

Korleis kan eldre sjølv planlegge/legge til rette for at dei får ein god alderdom?

Helse:

- Trene / dans – koordinasjon
- Turar – fjell og utmark
- Unngå sjukdom
- Vere aktiv og interessert
- Sosial omgang
- «Halde på» - vere aktiv – delta i diskusjonar
- Halde på håpet (når det ikkje gjekk slik du planla)
- Besøk (organiserte eller uorganiserte)

Bustad:

- Tilrettelegge med tanke på fungering
- Eitt plan – trapper vert vanskeleg
- Få besøk av ergoterapeut for funksjonsvurdering
- Tilstrebe livsløpsstandard
- Helst sosialt bumiljø
- Busstilgjenge
- Bustadkorporasjonar – private bu-tun
- Private bukollektiv/heildøgns omsorg med kommunal bistand

Hobby/interesser:

- Musikk
- Deltaking på tvers av generasjonar
- Vidareføre yrkeskompetanse inn i hobbyaktivitetane (td. Trykkeri – museumsarbeid)
- Kryssord, lesing, skriving
- Data
- Hagearbeid
- Kompensere jobb-bortfall med fysisk aktivitet (+helse)
- Reise, bussturar, cruise med sosial profil
- Planlegge økonomi
- Fisking
- Vedlikehaldstrening

Bord 2 - Kafévert Karoline:

Kan sulasamfunnet klare å skape fleire og betre sosiale arenaer for eldre enn det vi har i dag?

Korleis kan vi til dømes styrke frivillig innsats som aktiviserar og hjelper eldre, og på den måten utløyse meir av samfunnet sine omsorgsressursar?

Det kom fram mange gode innspel og ønskjer om tema. Her følgjer ei oppsummering av dei ulike forslaga:

1. I Sula kommune fins det allereie mange gode sosiale møteplassar for eldre; pensjonistforeningar, seniorbading, seniordans, seniorkafe, osv. Det kan virke som om at tilboda ikkje var kjent for alle. Det vart lagt fram ønskje om å samle all informasjon om eksisterande tilbod. Ein kan til dømes lage ein seniorkalender, kanskje digital også. Kanskje eit av pensjonistforeningane kunne ta ansvaret for både å lage og halde vedlike ein slik kalender? Det er uansett viktig at kalendaren vert gjort kjent for dei som kan ha glede av å være med på tilboda i Sula.
2. Det kan vere ei utfordring for enkelte med transport til dei ulike tilboda og at ein soleis ikkje får vere med på det ein ønskjer. For enkelte av tilboda fins det allereie eit transport tilbod og det bør også gjerast kjent. Transport-tilboda bør kome fram på seniorkalendaren som nemt i pkt 1.
3. Det kom fram ønskje om å etablere eit seniorsenter og at senteret kunne drivast av seniorane sjølv.
4. På Sula Indre savnar ein sosiale tilbod som til dømes eit kafetilbod slik det er i Langevåg.
5. Det vart lagt fram forslag om å lage ein halvårsplan for aktivisering og velferdstenester for seniorane. I Ålesund er det seniorsentera som lagar desse planane.
6. Kvifor ikkje endre namnet på dagsentere til seniorsenteret?
7. Det er behov for å sette i gang tilbodet om besøkstjeneste igjen. Dette er eit tilbod som Røde Kors hadde tidlegare. I tillegg kan det være behov for en støttekontakt som i tillegg til den sosiale delen kan ta vedkomande med ut på tur osv.
8. Ein lurte på om det var mogeleg å finne ut av kven ny-pensjonistane var og korleis ein skulle få dratt med desse på dei ulike pensjonistforeningane og arrangementa.
9. Den gyldne spaserstokken er etterlyst.
10. Utdanning for eldre vart foreslått. Tema kan til dømes være; helse, ernæring, medisin, data/sosiale medium osv.



Det kom også fram andre innspel som kanskje bør vidareformidlast til rette personar/instansar:

*Møteinncalling til Eldrerådet skal kunngjerast offentlig. Kvar blir desse innkallingane offentleggjort?

*Idrettslaga; har dei eigne seniorgrupper? Har dei lokale som dei rår over som kan stillast til disposisjon for ulike arrangement for seniorane?

* Det kom fram mange veldig gode konkrete tilbod/møteplassar, men detaljane vert ikkje lagt fram her. Dei eksisterande tilboda bør gjerast kjent ref. pkt 1.

Bord 3 - Kafévert Torunn:

Korleis kan vi verte eit samfunn som i større grad fremjar eigenmeistring, slik at menneske som er eldre, har sviktande helse eller lavare funksjonsnivå kan klare seg sjølvstendig lengre?

- Viktig med kvardagsrehabilitering, starte tidlig. Den enkelte må også ta seg sjølv alvorleg og ikkje slutte å trene når det kommunale tiltaket er ferdig.
- Tilrettelegge heimen praktisk i forhold til funksjonsnivå.
- Bygge slik ein kan bu der om ein har bistandsbehov, tenke framover.
- Legge til rette i heimen slik ein klarar mest mogleg sjølv, og at ein kan få bistand til enkeltoppgåver ein treng hjelp til slik ein kan vere heime. (handling, klesvask, husvask osv)
- Livstidstestamente - korleis vil eg ha det når eg blir eldre? Den enkelte tar ansvar og avklarar med sine korleis ein vil ha det når helsa sviktar. Trekke borna inn i planlegginga når ein er frisk.
- Bukollektiv. Bygge tilrettelagde bustader i lag med andre med eit felleareal i midten. Hjelp kvarandre, passe på kvarandre, ha felleskap men også mulighet for å være åleine. Få ut ressursane sine, være til nytte. Gjere ein innsats for eigen del , og dra med andre som er dårlegare. Ynskje om å få brukt kompetansen sin.
- Bu der ein er kjend.
- Starte tidleg med å forebygge.
- Alle må ta ansvar for eiga helse, dette er kjerna i alt.
- Enkelte ting som t.d.komfyrar kan bli litt for moderne slik det kan vere vanskeleg å nyttiggjere seg desse. Dette bør ein tenke på når det vert nybygg.

Velferdsteknologi og digitalisering – korleis kan vi legge til rette for at dette kan bli hjelpemiddel for eldre?

Gir uttrykk for at dei har trua på digitalisering som hjelpemiddel og at dei er villige til å bruke dette for å få hjelp.

Sitat:

- Tida er koma for dette.
- Nødde til å bruke velferdsteknologi. Tryggheit = ikkje overvaking.
- Velferdsteknologien kjem og er nødvendig.
- Viktig å kome i gang når ein er klar i hodet, medbestemmelse.
- Bruke tid på å bearbeide om ein er tvilande
- Viktig med kursing og opplæring for alle som skal bruke/bistå.
- Ser ikkje på GPS som overvåking. GPS er positivt slik pårørande kan føle seg trygge for sine og den einskilde kan få fridom med å være trygg ute.
- Heilt greit med teknologiske hjelpemiddel, men det tek tid å bli vand med det.
- Viktig med tillit, viktig å kunne meistre teknologien.
- Velferdsteknologien kan avlaste pårørande og tenestene. Dei eldre er redde for å trykke meir over på pårørande.

Bord 4 - Kafévert Oddrun:

Treng vi fleire omsorgsbustadar? Kva type omsorgsbustadar treng vi då, kvar bør dei ligge og korleis bør dei innrettast?

Korleis møter vi utfordringane knytt til personar med demens? Omsorg i heim, omsorg i omsorgsbustad, omsorg i bukollektiv.

1. bordsetting:

Det bør etablerast omsorgsbustader på indre, men også på heile øya – privat og kommunale.

Kan byggast som blokker, med garasje, heis og internett. Kjente vil bu i lag. Bør ha eit sosialt senter i midten, og moglegheit for tilsyn ved behov.

- Type tilrettelagt bustad for 1-2 personar (2-3 soverom) (90 kvm ny bustad)

- 70 kvm tilrettelagt bustad for 1 person (1 gjesterom)(sjølveigar)

Demens:

- Bu heime lengst mogleg
- Avlasting for pårørande

2. bordsetting:

Det bør etablerast omsorgsbustader. På indre, men også i Langevåg.

Typar:

- Bustad med 24t tilsyn, men der eldre kan stelle seg sjølv. Med fellesrom for trim, svømmebasseng og bibliotek. (HBO, Bukollektiv).
- Kommunal leiligheit med parkering og wifi.
- Bufellesskap med tilsyn ved behov, med møteplass (privat).
- Privat sjukeheim.
- Grøntareal knytt til bustadane.
- Velferdsteknologi til hjelp til sjølvhjelp.

Demens:

- Bruk av velferdsteknologi i heim, bukollektiv og institusjon.
- Avlasting i helgane. 3. kvar helg, slik at dei pårørande får fri.

3. bordsetting:

Vi treng fleire omsorgsbustader. På indre og ytre. Bygge i bygda der ein har budd. Private må også kunne bygge.

Selje eigen bustad? Må då låne meir. Heller ønske om kommunal bustad i eit fellesskap. Tilrettelagt for ektepar. Tun, med fellesareal i midten. Tilsyn. Internett. Velferdsteknologi heile livet. Unngå å sitte aleine – hjelpe kvarandre. NB: Trygt fellesskap. Bygge meir a la «Kveldsro» - for mellomstadiet.

Demens:

- Velferdsteknologi bør bli overalt.
- Livstestament viktig.
- Indre Sula treng bustad for personar med demens – mest for pårørande si skuld.
- Vennebustad – familiebustad
- Fleire nattevakter HBO – bu heime lengre.
- Yngre med diagnose - tur

Bord 5 - Kafévert Grethe:

Helsehus som moglegheit – kva må eit helsehus innehalde og vere for at det skal styrke meistring, tryggleik og omsorg for eldre i Sula?

Hovudbodskapen her var at helsehus må vi ha uansett, innhald kan diskuterast.

Når det gjeld kva innhald helsehuset kan ha, så var det så mange og gode forslag at vi helst hadde trengt ein skyskrapar:

- Lege
- Fysioterapi
- Ergoterapi
- Helsestasjon
- Psykologteneste
- Psykisk helseteneste
- Kreftkoordinator
- Heimebasert omsorg
- Korttids-/rehabtenesta
- Kiropraktor
- Dagsenter
- Tannlege
- Logoped
- Sosionom
- Apotek
- Fotpleie/hudpleie (SPA)
- Svømmebasseng/badstu
- Treningsssenter m/aktivitørar og plass til dans
- Frisør
- Bibliotekfilial
- Omsorgsbustader
- Samhandlingsplass for ulike aktivitetar/kurs
- Butikk/kino/kulturhus
- KAFÉ NB!
- Mm.

Nokre merknader vart også spelt inn:

- Viktig å unngå byråkrati, og ein må bruke mest mogleg pengar på tenester, ikkje bygg.
- Lokalisering. Ei gruppe ville ha det i Langevåg sentrum, ei på midtre og ei på indre.
- Viktig med huset er at det legg til rette for tverrfagleg kompetanse og vert ein samlingsplass.

Folket i arbeid



Eldrerådet i Sula inviterer til temakveld:

«Den gode alderdom i Sula»

Program:

18.00 Velkommen

Trygve Holm, leiar i Eldrerådet i Sula

18.10 Gjennomgang av program og opplegg for kvelden

Jarl Anders Moe, sekretær for Eldrerådet

18.20 Eldre i Sula, utfordringar og moglegheiter

Kjetil Fylling, kommunalsjef helse og sosial

18.50 Kafédialogar – vi arbeider gruppevis med ulike tema.

Kvar deltakar får delta på tre tema/bord som de er interessert i.

Bord 1 - Kafévert Gunnar:

Korleis kan eldre sjølv planlegge/legge til rette for at dei får ein god alderdom?

Bord 2 - Kafévert Karoline:

Kan sulasamfunnet klare å skape fleire og betre sosiale arenaer for eldre enn det vi har i dag?

Korleis kan vi til dømes styrke frivillig innsats som aktiviserar og hjelper eldre, og på den måten utløyse meir av samfunnet sine omsorgsressursar?

Bord 3 - Kafévert Torunn:

Korleis kan vi verte eit samfunn som i større grad fremjar eigenmeistring, slik at menneske som er eldre, har sviktande helse eller lavare funksjonsnivå kan klare seg sjølvstendig lengre?

Velferdsteknologi og digitalisering – korleis kan vi legge til rette for at dette kan bli hjelpemiddel for eldre?

Bord 4 - Kafévert Oddrun:

Treng vi fleire omsorgsbustadar? Kva type omsorgsbustadar treng vi då, kvar bør dei ligge og korleis bør dei innrettast?

Korleis møter vi utfordringane knytt til personar med demens? Omsorg i heim, omsorg i omsorgsbustad, omsorg i bukollektiv.

Bord 5 - Kafévert Grethe:

Helsehus som moglegheit – kva må eit helsehus innehalde og vere for at det skal styrke meistring, tryggleik og omsorg for eldre i Sula?

20.15 Oppsummering

Vi håper å rekke ei oppsummering på tampen. Referat frå gruppearbeida vil bli gjort tilgjengeleg seinare.



Kjeftil Fylling, kommunalsjef helse og sosial

Den gode alderdommen i Sula

Solevågshallen 08.06.17



SULA KOMMUNE



Den gode alderdommen i Sula

Solevågshallen 08.06.17

*Kjetil Fylling,
kommunalsjef helse og sosial*




SULA KOMMUNE

Helse- og omsorgsplan 2015-2019

Mestring og tryggleik gjennom forebygging, rehabilitering og omsorg



SULA KOMMUNE



Meistring og tryggleik for alle

Vi bidrar til dette ved å

- gje tilpassa tenester ved behov, med fokus på førebygging, rehabilitering, hjelp til sjølvhjelp og mobilisering av brukaren sine ressursar. Hjelp og omsorg skal ytast med respekt for den einkilde sin integritet og menneskeverd, og den som tek imot hjelpa skal vere aktivt med i tilrettelegging, utforming og gjennomføring av tenestetilbodet.
- utvikle tenestetilbodet til å vere heilskapleg og samordna, effektivt og fleksibelt. Tenestetilbodet skal utformast etter LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå). Innbyggjarane skal oppleve tryggleik, føreseielegheit og kontinuitet i møte med tenesteapparatet.
- ha tilstrekkeleg og kvalifisert personell til å kunne yte tenester med ein kvalitet som minst fyller gjeldande krav og standard til utøving av tenesta.
- legge til rette for sunn livsførsel hjå fysiske og sosialt aktive innbyggjarar som ser verdien i å ta ansvar for eiga helse - kvar og ein sin eigen "helseminister". Stimulere til å planlegge eigen alderdom.
- legge folkehelse og samfunnsmedisinsk perspektiv til grunn i all planlegging.
- søkje samarbeid med brukarar, pårørande og frivillige om betre og meir berekraftig helse og omsorg i Sula kommune.



SULA KOMMUNE

NY VISJON



SULA KOMMUNE

IDEOLOGI/OMSORGSPROFIL

Vidare satsing på **heimtenesteorienterte** tenester.

Tydlegare fokus på **førebygging og rehabilitering**.

Brukaren skal ha **styring i eige** liv og vere «herre i eige hus»

Utvikling av **kvardagsrehabilitering** og **velferdsteknologi** som metodar, frå: «What is the matter with You, til what matters to You»

Brukarfokus i arbeidet med **heilskaplege pasientforløp** – samarbeid med 2.linetenesta


Utvikle og ta i bruk digitale **løysingar og omsorgsteknologi** i tillegg til og i staden for, personell.

Auka fokus på samarbeid med **pårørande** og brukaren sitt private nettverk

Ha **variasjon i butilboda**


Få, men ikkje for få, døgnbemanna omsorgsplassar





SULA KOMMUNE

OMSORGSTRAPPA



SULA KOMMUNE

MÅLET MED TILTAKA

Demografi: Vekst, fleire eldre og fleire unge vaksne med funksjonshemmingar (store tilsynsbehov)


Kapasitet – «hender og hus»

Nye oppgåver og oppgåveforskyving

Kommunereform

Auka behov for innovasjon

Kompetanse og rekruttering



SULA KOMMUNE

HOVUDUTFORDRINGAR



Meld. St. 29

2017 (2017)

Melding til Stortinget

Morgendagens omsorg



Meld. St. 26

2014 (2014)

Melding til Stortinget

Fremtidens primærhelsetjeneste
- nærhet og helhet



Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet (2015-2020)

HelseOmsorg21

Nasjonal forsknings- og innovasjonsstrategi
for helse og omsorg



«HELDOGNS»

Et notat om bruken av begrepet
«heldags helse- og omsorgstjenester» i
statistikk, forskning og tilskuddforvaltning



ROM FOR OMSORG

BEHOV FOR UTBYGGING OG FORNYELSE AV LANDETS
BYKEHJEM OG OMSORGSBOLIGER



Regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020



Et mer demensvennlig samfunn



Samhandlingsreformen
Et samarbeidsavtaler mellom kommuner og
regionale helseforetak helseforetak

Nasjonal plan

og omsorgsdepartementet



SULA KOMMUNE

Sentrale signal

Få kunnskap om, lete fram, mobilisere og ta i bruk samfunnets samlede omsorgsressurser på nye måter.

Utvikle nye omsorgsformer gjennom ny teknologi, ny kunnskap, nye faglige metoder og endringer av organisatoriske og fysiske rammer. Innovasjon.

Sterkere brukarstyring og brukarinvolvering.

Tydligare fokus på meistring og rehabilitering.

«Medborgerinndragelse»

Mobilisering av frivillighet. Ny «Frivillighetsmelding» under arbeid.

Støtte og styrke kommunenes forsknings-, innovasjons- og utviklingsarbeid på omsorgsfeltet.

Kommune 3.0

2014



SULA KOMMUNE

BEHOV FOR OMSTILLING

Fra myndighet over servicevirksomhet til lokalt fellesskap

	Kommune 1.0 - fram til ca. 1970	Kommune 2.0 - ca 1970 – 2014	Kommune 3.0 - fra 2014
Kommunen er...	...en myndighet	...en organisasjon	...et lokalsamfunn
Kommunen møter innbyggerne som...	...undersätter	...kunder	...ressurssterke, aktive samfunnsborgere
Politikernes oppgave er...	...å avgjøre enkeltsaker	...å styre organisasjonen	...å prege lokalsamfunnet
Politikerne virker gjennom å...	...behandle saker på formelle møter	...sette mål og økonomiske rammer	...prege dagsorden og stimulere aktiviteten i lokalsamfunnet
Politikerne har kontakt med...	...få innbyggere gjennom avgjørelse av enkeltsaker	...flere innbyggere gjennom dialog med brukerråd og involvering i plansaker	...mange flere innbyggere gjennom arrangementer og kommuneinvolvering fra aktive innbyggere
Suksesskriteriet for den gode kommune er...	...rettssikkerhet	...faglig kvalitet, kundetilfredshet og effektivitet	...et attraktivt og innovativt lokalsamfunn, hvor alles ressurser er i spill
Den gode medarbeider er faglig dyktig og er...	...opptatt av det korrekte og rettferdige	...serviceminded, imøtekommende og kan leve seg inn i innbyggerens behov	...opptatt av å finne ressurser hos alle, bringe mennesker sammen i fellesskap, facilitere og støtte
Den gode leder er...	...god til å huske reglene	...god til styring	...god til ledelse



SULA KOMMUNE

Kommune 3.0

Nyheiter

Kan ikkje drive omsorg som i

Om vi held fram med dagens eldreomsorg, vil nær halvparten av norsk ungdom måtte gå inn i omsorgsyrka.

IKKJE BEREKRAFTIG. – Og det er det vel ingen som kan krevje, slo kommunalsjef Kjetil Fylling fast.

Fylling innleidde då Sula eldre-råd inviterte til møte om "Den gode alderdom i Sula". Møtet som vart halde i Solevågshallen sist torsdag, hadde først ein gjennomgang av tema for gruppesamtalar – såkalla kafedialogar – før endeleg oppsummering. I alt møtte kring 50 eldre og litt yngre.

– Vi vert nøydde til å omstille oss. Dagens eldreomsorg er ikkje berekraftig. Sula har nokre år på seg, men så slår også eldrebølga inn over oss. Då må vi vere budde, slo sjefen for eldreomsorga i Sula fast.

Fylling meinte det heller ikkje er noka løysing å importere utanlandsk arbeidskraft. Det ville vere uetisk. Utlandet treng sine unge.

SIN EIGEN HELSEMINISTER. Vi må ha meir kunnskap, vi må utvikle nye omsorgsformer, vi må ta i bruk velferdsteknologi og vere innovative slo Kjetil Fylling fast.

Han var ikkje i tvil om at personale, dei eldre sjølve og pårørende var nøydde til å godta teknologiske nyvinningar som alarmer, overvaking og verktøy for sporing. Det viktigaste var kanskje likevel at dei eldre sjølve tok ansvar for eiga helse og eige liv:

– Tidlegare helseminister Dagfinn Høybråten sa under eit besøk her i kommunen at alle måtte vere sin eigen helseminister. Det er kanskje rart at eg seier det, men det er viktig at vi gir så lite hjelp til kvar einiskilt som muleg.



Frå venstre gruppeleiar (kafevert) Torunn Veddeng diskuterer temaet velferdsteknologi i lag med Johan Sunde, Astrid Lindquist og Oddny Kringstad.

Folk skal klare seg sjølve så langt om råd. På den måten kan vi gje flest muleg støtte, slo Kjetil Fylling fast.

VISJON. Sula brukar kring 200 millionar kroner i helse- og omsorgssektoren. Men utfordringane er mange. Alt i dag er det mangel på personale. Det blir ikkje enklare når talet på eldre går til vers.

Sula vil likevel ha ferdig ti nye heildøgns-plassar for personar med demens om ikkje lenge. I alt 13 nye omsorgsbustader vil stå ferdig i Langevåg utpå hausten ein gong. "Meistring og tryggleik for alle" vil framleis vere visjonen til Sula kommune.

SINDRE MØRKEDAL
sindre@sulaposten.no

Demokrati-prosjekt

Sunnmøre regionråd vil ha Sula kommune pluss andre kommunar på Sunnmøre med i eit demokratiprojekt. Her skal representantar frå kommunane samlast for å diskutere rolla som politikarane har.

Vedtek kulturplan

Sula kommune har sidan 2011 brukt mellom 2,3 og 2,6 prosent av kommunens netto-driftsutgifter til kultur. Det vil seie at Sula i 2015 brukte kr 1.326 kroner pr. innbyggjar på driftsutgifter i kultursektoren. I følgje den nye kulturplane, som skal vedtakast i kommunestyret i kveld, ligg tala godt under snittet for landet, fylket og den type kommune som Sula høyrer til.

Kva kan eldre gjere sjølve?

Svar frå gruppene: Lære data, fiske, trene, ha hobbyar, drive vidare det ein tidlegare var god til, flytte soverommet frå loftet og ned, selje og kjøpe enklare leilegheit.

Korleis skape fleire arenaer/styrke frivillig arbeid?

Svar frå gruppene: Lage senior-kalender, saknar kafe på indre, skrive ein halvårsplan, besøks-teneste, støttekontaktar, trim med den gyldne spaserstokk.

Korleis klare seg lenger?

Svar frå gruppene: Positive til velferdsteknologi, føle seg trygge, positive til gps, ta seg sjølv alvorleg, trene, ha god dialog med dei yngre, skrive framtids-testamente, bygge smarte hus i lag med andre.

Treng vi fleire omsorgsbustader?

Svar frå gruppene: Heile øya treng omsorgsbustader. Desse bør ha fellesareal. Mange er redde for einsemd, gjerne bustader med symjebasseng, bibliotek, hørpleie, ...

Kva med helsehus?

Ideane var mange. "Hus" ikkje tilstrekkeleg. Ein "helsesky-skrapar" må til for å huse alle ideane som blei lansert.



Alle nådrøke
renter til helse-
og omsorgs-
arbeid

Ikkje kulturtilskot

Sula har søkt om kulturtilskot for å arrangere internasjonal kafe. Fylket sa nei og grunn-gav avslaget med tiltaket var lokalt, og dermed ikkje innanfor retningslinene.

Får rive

Fylkeskommunen ved kulturvern har ingen merknad til at Johan Mindor Indrevåg riv gammalt (Sefrak-registrert) våningshus i Thomas-garden (Mauseidvåg).

i dag

Satt på gruppene:

OM KVA ELDERE KAN GJERE SJØLVE?

"Det er viktig å passe på helsa. Trene, gå tur og gjere kva ein kan for å halde seg frisk. Å kome seg ut av huset er vesentleg. Vere med på ting som skjer, gjerne ta del og vere sosial".
Reidun Langvatn

"Ikkje slutte med ting som ein har drive med oppgjennom livet. Følgje godt med på det som skjer. Vere med i diskusjonar og elles halde seg aktiv. Gjerne lese ei god bok".
Borgny Molvær

"Ta turar, gjerne til fjells, sjølv om ein ikkje treng å gå på Galdhøpiggen kvar gong. Prate med folk. Sjølv er eg med i Rotary. Slikt kan vere lurt. Det sosiale er veldig viktig. Seniordansen sameis. Her møter ein venner. Her er det dessutan behov for rekruttering. Så berre kom".
Leif Molvær

OM HELSEHUS:

"Det hadde vore fint om ein i eit helsehus kunne kome raskt frå lege til for eksempel fysioterapeut".
Steinar Flesjå

OM VELFERDS-TEKNOLOGI FOR DEMENTE:

"Eg forstår ikkje heilt korleis personar med demens kan ha

nytte av velferdsteknologi".
Astrid Lindquist

"Det kan vel dreie seg om sporing".
Elisabeth Gjosund

"Det kan vere eit pip på telefonen dersom "Kari" med demens, og som ikkje bør gå ut, passerer dørstokken, medan "Per" kan passere uhindra".
Oddrunn Måseide

OM SOSIALE MØTEPLASSAR:

"Det er eit problem å få rekruttere nye til pensjonistlaget. Gjennomsnittsalderen i er minst åtti år".
Borgny Molvær

"Men eldrerådet er for dårleg annonsert".
Petter Nordstrand



Kafevert Gunnar Trones spør kva eldre kan gjere sjølv for ein god alderdom.



Kafevert Oddrun Måseide diskuterer omsorgsbustader i lag med Elisabeth Gjosund, Odny Kringstad og Alf Hauknes.

OM VELDFERDS-TEKNOLOGI:

"Vi må godta alarmer og andre former for teknologi".
Odny Kringstad

"Vi vil ha trygghet, vi vil meistre våre egne liv".
Johan Sunde

"Vi blir nøyde til å lære den nye teknologien".
Berit Sunde

"Det vil bli hektisk. Føresette blir stadig dytta på meir og meir. Mann og kone er i fullt arbeid med lån, styr og hendelse. Det kan bli tøft".
Johan Sunde



Alt klart i Molværsvatnet

Sula treng ikkje konsesjon (offentleg løyve) for å ha varig seinka vasstanden i Molværsvatnet.

NÅR SOM HELST. Dette har

Norges vassdrag og energidirektorat (NVE) slått fast etter ei enklare høyringsrunde. Dermed er Sula kommune spart for ei meir omfattande sakshandsaming.

Uttalen frå NVE betyr også at Sula når som helst, men innan tre år, set i gang arbeidet med å grave ein kanal i austre del av vatnet.

450,1 METER. Molværsvatnet vart demd opp i åra 1916 til 1919. Frå vatnet går det ei 1,3 kilometer lang røyrgate til Devoldfabrikken. I dag er det ikkje vatn i røyra. Sidan 1989 har vasstanden vore seinka fleire meter under overløp. Det er ikkje planar om å seinke vasstanden ytterlegare. Vasspegelen vil ligge på 450,1 meters høgde over havet. Det er 3,4 meter under overløp.

- GODT ALTERNATIV.

I dag held ein vatnet nede ved å tappe gjennom inntaksluka til kraftverket. Derifrå renn vatnet ut i bekken som lenger nede fører til Molværselva. Dette er ein metode som NVE er skeptisk til. Grunnen er fare for at kanalen tettar seg til. Alternativet, som no er godkjend, er å grave ein kanal i austre del. Dette er ein dyrare og meir omfattande metode. Kommunen er avhengig av å få fram gravemaskin.

NVE held kanalmetoden som eit godt alternativ. Å ruste opp dammen er eit anna, men langt dyrare. NVE uttalar at ei fullstendig rehabilitering vil vere omfattande. Ein vil i mange tilfelle "stå att med ein dam som i liten grad liknar på den dammen som tidlegare var vurdert som kulturminne", skriv NVE.

SINDRE MØRKEDAL
sindre@sulaposten.no

MINI-SCREEN NVHET! **GRATIS BEFARING**
911 50 200
-30% Frem til 30.04.
OGSÅ GODE PRISER PÅ ANDRE PRODUKTER

Fasade
PRODUKTER
SVEIN GAMMELSÆTER
Din lokale salgskonsulent
Direktnr: 915 86 596